

Frå arbeidsgruppa v/ Lovisa Midtbø
Nørlandsvegen 58

5981 Masfjordnes

Til Masfjorden kommune v/ordfører Karstein Totland

5981 Masfjordnes

SØKNAD OM STØTTE TIL Å GJE UT EI BOK MED ORDTAK, REGLER OG GÅTER FRÅ MASFJORDEN

Vi viser til tidlegare munnleg orientering og søker med dette om eit økonomisk tilskot til å gje ut ei bok med ordtak, regler og gåter frå Masfjorden. Vi legg ved ei utgreiing frå Johan Myking om stoffet, kjelder, fagleg innhald og verdi av dette materialet.

Då familien fyrst vart kjend med dette materialet, visste vi ikkje kor mykje vi skulle finna. Det viser språk, ord og uttrykk i Masfjorden for 80-100 år sidan. Det er morosame ordtak, treffsikre sitat frå hendingar som har blitt fortalt om i bygda og ymse herme og regler. Noko av stoffet kjende vi att frå barndommen i Masfjorden på 1950-talet. Vi kom til at dette var stoff som var av stor verdi for fagfolk. Men aller mest for bygdefolket i Masfjorden, og arbeidet med å gje dette ut i bokform starta.

Manuskriptet til boka vert redigert og utarbeidd vederlagsfritt av Johan Myking, pensjonert professor ved UiB og barnebarn av Ola R. Midtbø. Om det er bruk for nærare opplysningar om innhaldet i boka, kan kommunen gjerne ta kontakt med han.

Barneborna har i tillegg sett saman ei redaksjonsgruppe som deltek i arbeidet i samarbeid med redaktøren: Åse Tyse Daae Midtbø, Odd Henning Midtbø, Lovisa Midtbø, Ragna Midtbø, Anne-Marie Midtbø og Helge Keilegavlen .

Kostnaden ved bokprosjektet er såleis knytt til utgjeving og trykking av boka. Det er gjort avtale med Bodoni forlag AS ved Jo Gjerstad om dette og utgjeving kan ventast før utgangen av 2023.

Utgiftene til utgjeving og trykking kjem på kr 90 000. Redaksjonsgruppa i Fjon frå fjell til fjord v/ Alf Strand er orientert om prosjektet, har gjeve positiv attendemelding og løyvd kr 30 00 til trykkinga.

Etter dette manglar vi kr 60 000, og søker med dette om støtte frå Masfjorden kommune.

Ta gjerne kontakt med Johan Myking eller Lovisa Midtbø for nærare informasjon om bokprosjektet.

for arbeidsgruppa:

Odd Henning Midtbø

Lovisa Midtbø

Orientering om stoffet, kjelder og med ordtak m.m. frå Masfjorden

Materialet vart innsamla av Ola R. Midtbø mellom 1916 og krigsåra, og har i store drag vore lagra i samlingane ved Universitetet i Bergen.

Utgangspunktet for dette bokprosjektet var ei kladdebok frå Midtbøen, datert 1936. Innhaldet var dataført av Bjarne Daae. Seinare dukka det opp ei anna kladdebok på Nørland, datert 1934, med nye ordtak og og rundt 150 gåter frå Masfjorden i tillegg. Det viste seg etter kvart at delar av materialet var innsendt til Folkeminnesamlinga ved Bergens Museum frå 1916 under professorane Torleiv Hannaas og Gustav Indrebø og særleg stipendiat Arne Bjørndal. I 1943 vart store delar av materialet innskrive på maskin og oppbevart i Arne Bjørndals privatarkiv. Desse samlingane er no under digitalisering i prosjektet SAMLA (www.samla.w.uib.no), og det viser seg at materialet etter Ola R. Midtbø er overlag stort og mangfaldig. I dette bokprosjektet har vi teke ut ordtak, gåter og anna tradisjonsstoff i "bunden form", som regler og bollerim, men heile det digitaliserte materialet er gjennomgått. Bokprosjektet har såleis gjeve hjelp til å skapa oversyn i dei digitale samlingane, som kjem til å verta offentleg tilgjengelege. Leiinga for SAMLA-prosjektet er orientert om bokprosjektet.

Boka vert disponert slik (versjon november 2022):

- Innleiing, med bakgrunn for prosjektet og informasjon om samlingane ved UiB
- Ordtak og hermestev
- Andre herme, regler og "risper"
- Gåter
- Bollerim frå ølskåler og kjenger
- Forklaringar og kjelder

Dette materialet skil seg frå andre utgjevingar ved at det byggjer på lokalt overlevert stoff og ved at innsamlaren ønskte å unngå avskrift frå skriftelege kjelder. Det eksisterer eit fåtal liknande skrifter, men ingen som set materialet inn i ein faghistorisk samanheng samstundes som det er lokalt forankra. Redaksjonskomiteen meiner derfor at dette bokprosjektet har fagleg interesse utanfor Masfjorden samstundes som det primære målet er å gjera stoffet tilgjengeleg for innbyggjarane i Masfjorden.

Johan Myking, pensjonert professor ved UiB og barnebarn av Ola R. Midtbø .

Tlf 950 82 751 mail jmykin@online.no